

## ÅRSMELDING FRÅ FOGN GRENDALAG 2014

Grendalagsstyret pluss arbeidsgrupper fekk etter konstituering 13.mai 2014 følgjande struktur:

### **Styret:**

Leiar(vald på årsmøte) Kristoffer Østhus , Merete M. Kindingstad – vald til kasserar , Mari – Anne Runestad vald til referent , Bjarne Bøe , Arnstein Bøe , Janne A. Bø , Joar Sandanger

Varamedlemmer: Johannes Hovda (1.vara) Kathrine Flesjø (2.vara)

### **Kulturgruppa:**

Kulturgruppa: Malvin Sandanger, Kristine Bø, Kirsti Esperås, Håvard Østhus, Mallin Sandanger og Merete M. Kindingstad ( link mellom styret grendalag og kulturgruppa ).

30. august 2014 gjekk Erås-basaren av stabelen. Det var kulturinnslag frå Sjernarøy, og elles mykje folk som kjøpte lodd, slik at vi kunne senda kr 17.000,- til barneheimsarbeid i Cape Town. Ingunn Berg si dotter er med på dette arbeidet.

Elles var det utstilling med tema båt på julemessa i museet. Denne var det Kristine og Mallin som var primus motorar for.

### **Elles:**

Styret har hatt 6 styremøte, pluss 2 møte i FFG ( fellesforum for Grendalag – arr. Livleg Engasjement ).

Dugnad Skinnvika sist del vert gjennomført 31.05.14, godkjent av Silke Ullrich, og søknad ang økonomisk støtte er blitt sendt inn. Det er planlagt at det skal vera dugnad på plenklyppinga om sommaren.

Det blei sendt utale til samfunnsdelen i ny kommuneplan, der vi utalte – som skrevet « *ros for ein konstruktiv planprosess, og etter vår meining godt forslag til ny Kommuneplan*». Der vi også hadde nokre få innspel til forbetring . investeringsbudsjettet til kommunen ang uttak av kommunalt byggefelt vert det også sendt inn uttales til gruppeleierane og alle kommunestyre- representantar .

Juletre ved butikken fekk også i år juletre lys på. Nyttårsafta kl.18:30 hadde vi felles oppskyting av rakettar arr.Grendalaget og Idrettslaget. Eit positiv og vellukka arrangement som vi håpar kan bli ein tradisjon.

Ang. Kommunikasjon – (rutetider, takster) har det vore dialog via brev, e-post og telefon til Norled og Kolumbus.

16.septemeber var Fogn Grendalag vertskap for FFG – arr Livleg Engasjement. Eit solid oppmøte frå Sjernarøy Vekst, Halsnøy Grendalag ,Ombo Vekst , Talgje 2020, inkl Ordførar, Varaordførar og organisasjon -og utvikling sjef . Ein inspirerende kveld med utfall i at det skal gjennomførast 2 møter i året (til å begynne med ), med bytte på vertsskap mellom alle laga. Og nye tema blir presentert i

forkant. Tema for denne kvelden var samferdsel , kommuneplan ,tomter og trivsel. 3. mars 15 reiste 6 rep. frå styre til Ombo Vekst for møte nr. 2.

Tema for dette møte var : Finnøy i Framtida

Varaordføreren informerte om at Finnøy Kommune skal i møte med Statens Vegvesen 9 Mai.

Her skal det tas en avgjørelse i forhold til videre planarbeid forbindelse Fogn - Halsnøy.

Ordfører informerte om arbeid vedr kommunestruktur.